

Førde, 05.03.2015

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Søknad om løyve til bygging av Hellevang kraftverk i Førde kommune.

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev av 19.11.2014 og til konsesjonssøknaden med vedlegg som vi har lasta ned via nettet. Fråsega vår er mellom anna basert på søknaden, info henta via nettet og samtaler med lokalkjende.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 6.081. Hellevang kraftverk ligg i Indre Sunnfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.istur.no/>

Om friluftsliv i området:

Etter det vi kjener til, er utbyggingsområdet for Hellevang kraftverk lite brukt til friluftsliv, bortsett frå reint lokalt, av dei som bur i nærområdet. På kartet er det merka av nokre stiar i området, men vi har ikkje kjennskap til at dei vert brukte i turlagssamanheng. Når det gjeld friluftsliv, er derfor Hellevang kraftverk sett frå vår synsstad eitt av dei minst konfliktfylte i ”Førde-Askvoll-Naustdal-pakken”. Dette i motsetnad til mellom andre Marka kraftverk som har same utbyggjar og som ligg høgre oppe i det same vassdraget. Der er konfliktnivået med friluftsliv stort.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

2.1 Hovuddata: Slukevnintervallet på mellom maksimum 210,3% og minimum 5,2% er stort i ei elv med laks, sjøaure og ål. Verknaden vert dempa noko av at det er planlagt minstevassføringar tilsvarande 10-percentilane.

2.2.4 Inntak: Vi har ikkje spesielle merknader. Dette ser ”normalt” ut.

2.2.5 Vassveg: Heller ikkje her har vi spesielle merknader. Vi går ut frå at andre høyringsinstansar vurderer om den gamle kjerrevegen har verdi som kulturminne – eller ikkje.

2.2.6 Kraftstasjonen: God støydemping er veldig viktig her. Mest av omsyn til dei som bur i nærliken, sjølv sagt, men også av omsyn til andre. **Av omsyn til anadrom fisk må installering av omløpsventil i kraftstasjonen vere eit absolutt og ufråvikeleg krav i dette tilfellet.** Ei minstevassføring på berre 3,5% av slukevna om sommaren og 1,9% om vinteren, er altfor lite til å hindre stranding av fisk ved bråstopp i kraftstasjonen.

2.2.8 Vegbygging: Det er positivt at dagens kjerre/traktorveg skal attendeførast til køyresterkt terreng etter at utbygginga er ferdig. Bra!



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde
E-post: sogturla@online.no
Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde
Heimeside: www.turistforeningen.no/sognogfjordane
Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14

2.2.9 Massetak og deponi: Dette reknar vi med at NVE vurderer, seinast i samband med godkjenning av detaljplanen.

2.2.10 Nettilknyting: Ingen merknader.

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

Vi kommenterer her berre enkelte av punkta i konsesjonssøknaden.

3.5 Raudlisteartar og 3.6 Terristrisk miljø: Vi har ikkje gått grundig inn på desse fagområda, men merkar oss at det er raudlisteartar i området. Vi går ut frå at både andre høyningsinstansar og NVE vil vurdere naturverdiane og konfliktnivået på ein mykje betre måte enn det vi har kompetanse til.

3.7 Akvatisk miljø: Vi merkar oss at elva er viktig for sjøaure spesielt, men også for laks og truleg for ål. For å redusere dei negative konsekvensane av utbygginga, har vi alt nemnt at omløpsventil i kraftstasjonen må vere eit absolutt krav. Omlag 200 m av den anadrome strekninga ligg oppstrøms kraftstasjonen. Med bakgrunn i det, ber vi NVE vurdere om det bør gjerast ytterlegare tiltak for å ta vare på den anadrome fisken. Aktuelle tiltak kan vere slepping av lokkeflaumar for å gjere det enklare for den fisken å gå opp i den øvre delen av den anadrome strkninga. Eit anna aktuelt tiltak (som utbyggjarane neppe ønsker) er flytting av kraftstasjonen opp til vandringshinderet.

3.9 Landskap og INON: Vi har ikkje spesielle merknader til det som står i søknaden.

3.10 Kulturminne og kulturmiljø: Vi konstaterer at her er ein del verdiar, men går ut frå at andre høyningsinstansar, og NVE, vurderer dette temaet.

3.14 Brukarinteresser: Vi viser til det vi har skrive om dette først i fråsegna.

4 Avbøtande tiltak:

Vi viser til det vi har skrive om Støydemping, Omløpsventil og Lokkeflaumar tidlegare i fråsegna. Bortsett frå det, har vi ingen merknader.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Hellevang kraftverk er, etter det vi kjenner til, i lite konflikt med friluftsinteressene, så sett frå vår synsstad er utbygginga fullt ut akseptabel.

Vi merkar oss at det er nokre konfliktar med ulike sider av biologisk mangfald, med anadrom fisk, og med kulturminne. Vi meinar at omløpsventil i kraftstasjonen må vere eit krav! Om konfliktane skal få andre konsekvensar for konsesjonen og/eller konsesjonsvilkåra, reknar vi med at NVE vurderer.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde
E-post: sogturla@online.no
Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde
Heimeside: www.turistforeningen.no/sognogfjordane
Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14